



PUKK VEST AS
Røtingavegen 449
5216 LEPSØY
Att. Ole Bolstad

Saksbehandlar, innvalstelefon
Silje Tingstad, 5557 2031

Svar på meldeskjema for mellombels pukkverk i Vikane næringsområde

Vi viser til meldeskjema datert 8. desember 2019 og telefonsamtale i dag 11. desember 2019.

Det er registrert bergirisk i nærleiken av området. Arten er klassifisert som nært truga. Det er ikkje venta at eventuell bergirisk i området vil bli negativt råka av tiltaket. Vi føreset likevel at all aktivitet tilknytt knuseverket blir gjennomført på næringsområdet som vist på kartet som var vedlagt meldeskjemaet.

Det vert opplyst at det skal knusast massar i periodar på ein til to veker i månaden frå desember til mars 2020. Næraste bustad ligg 360 meter frå anlegget, bak eit fjell. Næraste fritidsbustad ligg 250 meter frå anlegget. Støy vert dempa med skjerming med knuste massar. Vi føreset at verksemda følgjer vilkåra i kapittel 30 i forureiningsforskrifta.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Silje Tingstad
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ